



**HJELMELAND
KOMMUNE**

Møteprotokoll for Formannskapet

Møtedato: 22.04.2026
Møtestad: Kommunestyresalen
Møtetid: kl 14.00 - 15.15

Møtedeltakarar	Parti
Gaute Hauge	AP
Leif Magne Kleppa	H
Torunn Munthe	H
Anita Husøy Riskedal	SP
Arthur Fjeldheim Egeland	SP
Dagfinn Svadberg Hatløy	SP
Anna Lena Kleppa	SP
Solveig Romsø Øye	SP

Forfall meldt frå følgjande	Parti
Ståle Halsne	KrF

Følgjande varamedlemmar møtte	Parti
Asbjørg Kvame Hetlesæter	KrF

Ugilde:	Sak	Følgjande varamedl. møtte	Merknad
Asbjørg Kvame Hetlesæter	055/26		Ingen vara møtte

Sakliste

Saksnummer	Sakstittel
046/26	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
047/26	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
048/26	REFERAT- OG DRØFTINGSSAKER
049/26	KOMMUNEDIREKTØREN ORIENTERER

050/26	Orientering ny ungdomskule - April 2026
051/26	Bruksendring frå omsorgsbustad til kommunal bustad
052/26	Reviderte vedtekter Tveit Vidaregåande Skule STI
053/26	Reforhandla tenesteytingsavtale mellom Rogaland brann og redning IKS og Hjelmeland kommune
054/26	Tilstand Viganeset kai
055/26	Status for breibandsprosjekt og behov for tilleggsløyving

046/26: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Forslag til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent slik dei ligg føre.

22.04.2026 Formannskapet

Behandling:

Asbjørg Kvame Hetlesæter vil reise spørsmål om sin habilitet i sak 055/26.
Sak 054/26 vert flytta opp på sakslista og behandla før sak 50/26.

Røysting:

Samrøystes vedteke

FSK - 046/26 **Vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent slik dei ligg føre.

047/26: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Forslag til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent slik den ligg føre.

22.04.2026 Formannskapet

Behandling:

Røysting:

Samrøystes vedteke

FSK - 047/26 **Vedtak:**

Møteprotokollen vert godkjent slik den ligg føre.

048/26: REFERAT- OG DRØFTINGSSAKER

Sakene tas til orientering.

22.04.2026 Formannskapet

Behandling:**Spørsmål frå folkevalde:**

Munthe, H: Stilte spørsmål om status for eldresenteret på Fister.

Svar: Det bur framleis folk i kommunale bustader der. Kommunen har vore i dialog med fleire potensielle samarbeidspartnarar, m.a. Husbanken for å sjå på moglege løysingar, men det er ikkje interesse for å gå i gong med noko saman med kommunen no. Det vil kome ei politisk sak om moglege vegvalg for Fister eldresenter på eit seinare tidspunkt.

Hauge, AP: Er det planar om asfaltering av vegane opp til bustadfeltet i Hjelmeland, Årdal og Fister / asfaltarbeid?

Svar: Kommunen har vedlikehaldsplanar for asfaltering. P.t. er midlar avsett i budsjett for lite til å dekke alt det som ligg. Det må avklarast om ein skal be om å få løyvd meir midlar, eller om ein skal akseptera ein lågare standard.

Røysting:

Samrøystes vedteke

FSK - 048/26 **Vedtak:**

Sakene tas til orientering.

049/26: KOMMUNEDIREKTØREN ORIENTERER**Forslag til vedtak:**

Saka vert tatt til orientering

22.04.2026 Formannskapet**Behandling:****Kommunedirektøren:**

- Kontaktmøte med bygdaråda i går. Mykje kjekk aktivitet i alle bygdene
- Møte med Lnett: Dei held på å skal lage ein konseptvalutgreiing, om korleis elnettet skal sjå ut inn mot Hjelmeland i eit 40-års perspektiv. Denne vil bli presentert for formannskapet når han er klar

Samfunn og næring:

- Espelandsvegen (kommunal veg) sig ut på to plassar og det er bratt og ein redd for at det skal rase ut. Estimert kostnad for utbetring vil vera kr 300 000 -500 000. Dette må ein kome tilbake til i tertialen
- GladMat: Skal ha møte på måndag med 10 utstillarar

Helse og omsorg:

- Einingsleiarar innan helse melder at det er svært vanskeleg å rekruttera. Ein prøver å sjå på moglege løysingar og tenkje nytt. Det er viktig at nyttilsette også har ein plass å bu, så utfordringar med rekruttering heng også saman med bustadsituasjonen.
- Det er planar om å leggje fram ei orientering for helse og omsorg om aktivitet og planar for kommunestyret

Røysting:

Samrøystes vedteke

FSK - 049/26 **Vedtak:**

Saka vert tatt til orientering

050/26: Orientering ny ungdomskule - April 2026

Forslag til vedtak

Saka vert tatt til orientering

22.04.2026 Formannskapet

Behandling:

Røysting:

Samrøystes vedteke

FSK - 050/26 **Vedtak:**

Saka vert tatt til orientering

051/26: Bruksendring frå omsorgsbustad til kommunal bustad

Forslag til vedtak

Omsorgsbustadane i Prestagarden 34 og 36 vert bruksendra frå omsorgsbustadar til bustadar for einslege, vanskelegstilte på bustadmarknaden.

05.02.2026 Seniorrådet

Behandling:

Røysting: samrøystes vedteke

ELD - 007/26 **Vedtak:**

Omsorgsbustadane i Prestagarden 34 og 36 vert bruksendra frå omsorgsbustadar til bustadar for einslege, vanskelegstilte på bustadmarknaden.

05.02.2026 Råd for menneske med funksjonshindring

Behandling:

Alternativt forslag:, foreslått av Berit Sjøvik Østerhus, Senterpartiet

Rådet utsett avgjersle i saka, og sender saka tilbake med ynskjer om meir saksutgreiing.

Medlem Østerhus stiller spørsmål om sin habilitet då ho har ein svoger som bur i omsorgsbustad i etg over nemde bustader. Medlem Gundersen meiner medlem Østerhus ikkje er inhabil.

Røysting forslag Gundersen: samrøystes.

Rådet etterlyser meir informasjon i saka. Dei ynskjer meir informasjon om økonomi, om det er venteliste på omsorgsbustadar og bustadar for einslege, vanskelegstilte på bustadmarknaden, om bustader for einslege, vanskelegstilte på bustadmarknaden er det same som kommunal bustad, om denne bruksendringa kan gjerast midlertidig i påvente av samlokaliseringa. Rådet vil ikkje fatte vedtak i saka før saka er meir opplyst, og utett saka.

Medlem Østerhus legg inn alternativt forslag til vedtak.

Røysting alternativt forslag til vedtak: samrøystes

FUNK - 006/26 **Vedtak:**

Rådet utsett avgjersle i saka, og sender saka tilbake med ynskjer om meir sakutgreiing.

11.02.2026 Formannskapet

Behandling:

Utsetjing, foreslått av Anita Husøy Riskedal, Senterpartiet

Saka vert utsett i påvente av Råd for menneske med funksjonshindring si handsaming.

Røysting:

Utsetjingsforslag frå ordførar Riskedal, SP: Samrøystes vedteke

FSK - 024/26 **Vedtak:**

Saka vert utsett i påvente av Råd for menneske med funksjonshindring si handsaming.

24.03.2026 Råd for menneske med funksjonshindring

Behandling:

Medlem Østerhus stiller spørsmål om sin habilitet då ho har ein svoger som bur i omsorgsbustad i etg over ein av dei nemde bustadene. Medlem Gundersen meiner medlem Østerhus ikkje er inhabil.

Medlem Østerhus blei røysta habil (samrøystes).

Røysting forslag til vedtak: Samrøystes.

FUNK - 012/26 **Vedtak:**

Omsorgsbustadane i Prestagarden 34 og 36 vert bruksendra frå omsorgsbustadar til bustadar for einslege, vanskelegstilte på bustadmarknaden.

22.04.2026 Formannskapet

Behandling:

Røysting:

Samrøystes vedteke

FSK - 051/26 Vedtak:

Omsorgsbustadane i Prestagarden 34 og 36 vert bruksendra frå omsorgsbustadar til bustadar for einslege, vanskelegstilte på bustadmarknaden.

052/26: Reviderte vedtekter Tveit Vidaregåande Skule STI

Forslag til vedtak

Hjelmeland kommune har ingen merknader til dei reviderte vedtektene for Tveit Vidaregåande Skule STI.

22.04.2026 Formannskapet

Behandling:

Røysting:

Samrøystes vedteke

FSK - 052/26 Vedtak:

Hjelmeland kommune har ingen merknader til dei reviderte vedtektene for Tveit Vidaregåande Skule STI.

053/26: Reforhandla tenesteytingsavtale mellom Rogaland brann og redning IKS og Hjelmeland kommune

Forslag til vedtak

Formannskapet godkjenn inngåing av avtale mellom Rogaland brann og redning IKS og Hjelmeland kommune slik den ligg føre. kommunedirektøren får fullmakt til å signere avtalen på vegne av kommunen.

22.04.2026 Formannskapet

Behandling:

Røysting:

Samrøystes vedteke

FSK - 053/26 **Vedtak:**

Formannskapet godkjenn inngåing av avtale mellom Rogaland brann og redning IKS og Hjelmeland kommune slik den ligg føre. kommunedirektøren får fullmakt til å signere avtalen på vegne av kommunen.

054/26: Tilstand Viganeset kai

Forslag til vedtak

1. Formannskapet ber kommunedirektøren følge opp tilstanden til kaien årleg, slik at prosjekt for sanering og ny kai på Viganeset kan innarbeidast i økonomiplanen i god tid innan kaien ikkje lengre kan nyttast

22.04.2026 Formannskapet

Behandling:

Tilleggsforslag , foreslått av Arthur Fjeldheim Egeland, Senterpartiet

Nytt punkt.

2. Før kommunedirektøren går vidare med eit prosjekt for sanering og eventuelt nybygg av kai må det innhentast ein uavhengig kontroll av kaien og også vurdering av prisestimat.

Hauge, AP: Ber om at formannskapet får ei orienteringssak om industrikaien i Årdal til kvart møte framover

Prosjektil AS v/Dan Børge Bø orienterte om tilstanden på kaien på Viganeset

Røysting:

Tilleggsforslag frå Egeland, SP: Vedtatt mot 2 stemmer (H)

Innstilling frå kommunedirektøren med vedtekne endringar: Samrøystes vedteke

FSK - 054/26 **Vedtak:**

1. Formannskapet ber kommunedirektøren følge opp tilstanden til kaien årleg, slik at prosjekt for sanering og ny kai på Viganeset kan innarbeidast i økonomiplanen i god tid innan kaien ikkje lengre kan nyttast

Før kommunedirektøren går vidare med eit prosjekt for sanering og eventuelt nybygg av kai må det innhentast ein uavhengig kontroll av kaien og også vurdering av prisestimat.

055/26: Status for breibandsprosjekt og behov for tilleggsløyving

Forslag til vedtak

Alternativ 1 – Avslutting av breibandsutbygging

1. Hjelmeland kommune vedtek å avslutta breibandsutbygginga til Hagalid.
Eventuelt for mykje utbetalt tilskot vert tilbakebetalt til NKOM i tråd med gjeldande retningslinjer.

Alternativ 2 – Vidareføring av fiberutbygging

1. Hjelmeland kommune vedtek å halda fram fiberutbygginga til Hagalid.
2. Kommunen set i gang prosess for oreigning av naudsynt grunn for å kunna gjennomføra utbygginga.

Alternativ 3 – Etablering av mobilsite

1. Hjelmeland kommune vedtek å gå vidare med etablering av mobilsite på Hagalid som alternativ til vidare fiberutbygging.
2. Auka kostnader knytte til mobilsite vert finansierte ved bruk av resterande midlar frå fiberutbyggingsprosjektet og disposisjonsfondet.

22.04.2026 Formannskapet

Inhabil	Varamedlem	Merknad
Asbjørg Kvame Hetlesæter		Ingen vara møtte

Behandling:

Forslag til vedtak, foreslått av Torunn Munthe, Høgre

Alternativ 3 – Etablering av mobilsite

1. Hjelmeland kommune vedtek å gå vidare med etablering av mobilsite på Hagalid som alternativ til vidare fiberutbygging.
2. Auka kostnader knytte til mobilsite vert finansierte ved bruk av resterande midlar frå fiberutbyggingsprosjektet og disposisjonsfondet.

Asbjørg Kvame Hetlesæter, KrF, reiste spørsmål om sin habilitet i sak 055/26.

Røysting: Ho vart røysta ugild (samrøystes) og gjekk frå under behandling i saka. Ingen vara møtte.

Arthur F. Egeland, SP, reiste spørsmål om sin habilitet i sak 055/26.

Røysting: Han vart røysta gild (samrøystes) og fekk delta i behandling av saka.

Røysting:

Forslag frå Munthe, H: Samrøystes vedteke

FSK - 055/26 Vedtak:

Alternativ 3 – Etablering av mobilsite

1. Hjelmeland kommune vedtek å gå vidare med etablering av mobilsite på Hagalid som alternativ til vidare fiberutbygging.
2. Auka kostnader knytte til mobilsite vert finansierte ved bruk av resterande midlar frå fiberutbyggingsprosjektet og disposisjonsfondet.